



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Håvard Rød, 5557 2143

Vår dato  
24.09.2015  
Dykkar dato

Vår referanse  
2014/15772 331.2  
Dykkar referanse

Kommunal- og moderniseringsdepartementet,  
Postboks 8112 Dep.,  
0032 Oslo

### Tilskot ved skjøn for 2015 - fordeling resten av ramma

Fylkesmannen i Hordaland har ei attståande skjønnsramme for 2015 med kr. 2.626.000,-. Det blir vist til brevet vårt av 17.august d.å. til departementet som viser utrekning av den attståande ramma for i år.

Vi legg no opp til å fordela resten av ramma, kr. 2,626 mill., mellom tilskot knytt til særskilte føremål (a) og generelt tilskot på bakgrunn av svak kommuneøkonomi (b).

#### a) Fordeling av attståande ramme 2015 til særskilte føremål, kr.1,206 mill.

##### Fitjar kommune

Det er søkt om tilskot kr. 270.000,- til arbeidet med kommunereform i Sunnhordland. Tilskot i denne samanheng, kr. 200.000,-, er redusert i høve til søknadsbeløpet med unytta midlar frå tilskot gitt tidlegare i år.

I søknaden er det lagt til grunn at kommunane Austevoll, Bømlo, Fitjar, Stord og Tysnes deltek i gjennomføring av drøftingar om kommunereform. Dersom det blir færre kommunar som deltek i arbeidet, må det avklarast nærare med Fylkesmannen om delar av tilskotet kan nyttast til andre føremål.

Tilskot kr. 200.000,-.

Fylkesmannen sitt standpunkt er at tilskot til utgreiingsarbeid om kommunesamanslåing bør vere i eit avgrensa og ikkje for stort omfang. Sunnhordlandsregionen har til no fått mindre skjønstilskot knytt til arbeidet med kommunereform enn både regionen for Nordhordland, Vesthordland og Hardanger. Når det no blir gitt kr. 200.000,- til arbeidet i Sunnhordland, vil den samla fordelinga av skjønstilskot knytt til kommunereform bli jamnare fordelt mellom dei fire nemnde regionane.

##### Fjell kommune

Det er ein stor auke av busetjingsklare einslege mindreårige flyktningar. Fjell kommune vil setje i verk eit prosjekt med målsetjing om å gjere kommunen i stand til å ta imot einslege mindreårige flyktningar i år. Det vil vere økonomisk krevjande med stor kommunal eigeninnsats.

Kommunen si målsetjing er å ta imot fem einslege mindreårige flyktningar i år.

Tilskot kr. 503.000,-.

#### Askøy kommune

Det blir vist til kommentar for Fjell kommune om busetjing av einslege mindreårige flyktningar. Askøy kommune har også målsetjingar i denne samanheng. Kommunen har busett einslege mindreårige flyktningar frå 2003, som til no er blitt busett i eit bufellesskap. Målsetjinga er at kommunen kan ta imot tre ekstra einslege mindreårige årleg, det vil seie til saman seks einslege mindreårige årleg.

Tilskot kr. 503.000,-.

#### **b) Generell fordeling som følgje av svak økonomi i kommunar, kr. 1,42 mill.**

Denne ramma blir fordelt generelt med eit like stort beløp, kr. 142.000,-, til kommunar med svak økonomi. Tilskotet blir gitt til følgjande kommunar: Bømlo, Stord, Fitjar, Fusa, Samnanger, Osterøy, Meland, Radøy, Austrheim og Fedje.

Fitjar kommune har mange ressurskrevjande brukarar, i høve til talet på innbyggjarar, med høge og aukande kommunale kostnader. Kommunen viser til at det no i sommar har oppstått ein meir krevjande situasjon knytt til yngre ressurskrevjande brukar som vil føra til auka kostnader for kommunen.

Fitjar kommune får tilskot av den generelle fordelinga knytt til økonomi, med same tilskotsbeløp som dei andre kommunane i denne fordelinga.

#### **Samla fordeling av attståande ramme**

Dette gir følgjande fordeling av resten av skjønsmidlane for 2015 mellom kommunane :

Kommune- nummer	Kommune- namn	Skjønstilskot i kr. 1.000,-	Føremål/tiltak
1201	Bergen		
1211	Etne		
1216	Sveio		
1219	Bømlo	142	generelt økonomi
1221	Stord	142	generelt økonomi
1222	Fitjar	142	generelt økonomi
1222	Fitjar	200	kommunereform
1223	Tysnes		
1224	Kvinnherad		
1227	Jondal		
1228	Odda		

1231	Ullensvang		
1232	Eidfjord		
1233	Ulvik		
1234	Granvin		
1235	Voss		
1238	Kvam		
1241	Fusa	142	generelt økonomi
1242	Samnanger	142	generelt økonomi
1243	Os		
1244	Austevoll		
1245	Sund		
1246	Fjell	503	einslege mindreårige
1247	Askøy	503	einslege mindreårige
1251	Vaksdal		
1252	Modalen		
1253	Osterøy	142	generelt økonomi
1256	Meland	142	generelt økonomi
1259	Øygarden		
1260	Radøy	142	generelt økonomi
1263	Lindås		
1264	Austrheim	142	generelt økonomi
1265	Fedje	142	generelt økonomi
1266	Masfjorden		
Sum		2626	

Med helsing

Lars Sponheim

Rune Fjeld  
assisterande fylkesmann

Gjenpart:

Kommunane Bømlo, Stord, Fitjar, Fjell, Askøy, Fusa, Samnanger, Osterøy, Meland, Radøy, Austrheim, Fedje

Sigmund Engdal, Kommunenes sentralforbund, Pb.1378 Vika, 0114 Oslo.

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*